

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: *Heidmark.*

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: *Elverom.*Emne: *Julenissen.*Bygdelag: *Björsetgrenda.*Oppskr. av: *Olav Furuset*Gard: *Björset skule.*(adresse): *Jöмна st.*

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Etter eiga røynsle.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er god grunn til å tru at skikken med julenissen som deler ut gaver i heimen ikkje har vore brukt stort meir enn 20 år i Björsetgrenda. Så vidt eg har funne fram ^{til} har skikken frå først vorte kjendtt gjennom julekort, julehefter o. l.

Første gongen julenissen stod for utdeling av gaver til skulebarna på julefest i Björset-skule var i 1929 eller 1930.

2. Julenissen kommer med alle julegavene når han deler ut i heimen. På julefester deler han ut bare godter. Somme oftast får ikkje nissen noe for bryet. Eg har hørd om ein gard i Austre Elverom (ved grensa til Trysil) der dei gjev nissen ein dram for han gjev.

3. Det er helst faren sjøl eller ein eldre bror som står for julenissejobben. Men eg har hørd om fleir som får ein

av grannenem til å vera julenisse avdi barna har teke til å svile på kven julenissen er.

Noen bestemt regel for korleis nissen skal vera av storleik kjennes ikkje. Det blir etter som det høver, det.

4. Nissen skal ha rau topphue og maske med kvitt skjegg. Det øvrige av klededrakta kan ymse mye. Svært ofte har han ein sid, grå, frakk, eller ein pels. Somme gonger har eg og sett brukt knebukser.

5. Maska blir kjøpt.

6. Det er svært sjeldan eg har sett jule-
-nissemaske vore brukt av julebukker.

7. Julebukkaner deler ikkje ut gaver.

8. Julenissen blir ikkje sett i samband med den gamle nissen eller tuften.

9. Like forteljingar er ukjente her.

Det er vanleg å fortelja barna at i tida før jul går julenissen omkring og titter gjennom glasa for å sjå om dei er snille. Trulegris noe trøyke mødre og eldre søsken har grepe til for å få fred for barna i juletraveltida.

5381